



Kristoffer Valle Mellingen
Hopsdalsvegen 31A
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3768 - 14/20598

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
11.09.2014

Avvising av klage på vedtak - gbnr 108/564 Lindås

Administrativt vedtak. Saknr: 258/14

Lindås kommune har motteke Dykkar klage den 27.08.2014. Vedtaket det vert klaga på gjeld avslag på søknad om dispensasjon og oppføring av tomannsbustad på eigedommen gbnr 108/564.

Klage

Det vises til avvisning av søknad. Bemerkar at avslaget ikke var sendt til undertegnede, kun til ansvarlig søker Valle Bygg. I tillegg var avslaget sendt midt i sommerferien, slik at det ikke var mulig å svare innen klagefristen.

Det klages på avslaget om å bygge tomannsbolig. Jeg har vanskelig for å forstå bakgrunnen for avslaget, når det ikke er noen innvendig fra naboer, det er godkjent vann, avløp og avkjørsel, og bolig bygges både mindre og lavere enn tillatt utnyttelsesgrad og kvotehøyde. Det må være av større fordel en ulempe for området at det bygges en slik bolig. Tomten står som en av sist ubebygde tomter i området. Formålet med reguleringsendringen i 2006 var å opne opp for en mer konsentrert boform som tomannsboliger.

I tillegg henvises det i avslaget til at eigedomen ikke lar seg naturleg dele i to parseller. Med henvisning til eks. gbnr. 108/576 og 108/356, som begge ligger på mindre tomter, har jeg vanskelig for å skjønne at en slik deling ikke kan la seg gjøre. Gbnr. 108/356 har nesten identisk plassering av huset. Det er heller ikke i søknaden søkt om å dele i 2 parseller, og en seksjonering kan være like aktuelt.

Vurdering



Klagefristen etter forvaltningslova (fvl.) § 29 er 3 veker frå «*underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part*». Vedtaket vart sendt pr. e-post til tiltakshavar og ansvarleg søkjar den 07.07.2014. Vedtaket var adressert til den e-postadressa som var oppgjeve i søknaden. Det var i søknaden oppgjeve same e-postadresse til søkjar og tiltakshavar.

Vedtaket er datert 07.07.2014 og vart meddelt partane pr. e-post same dag. Klagefristen er 3 veker, jf. forvaltningslova (fvl.) § 29. Fristen for å klage gjekk ut 28.07.2014. Klagen er motteke her 27.08.2014, ein månad etter at klagefristen gjekk ut.

Klagen er såleis ikkje framsett rettidig.

Det følgjer av fvl. § 31 at «*selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt*

- a) *parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller*
- b) *det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd*».

Ved vurderingen av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.»

I klagen er det vist til at vedtaket ikkje er sendt til tiltakshavar, kun til ansvarleg søkjar, samt at avslaget vart sendt midt i fellesferien.

Lindås kommune har sendt avslaget til den e-postadressa som var oppgjeve i søknaden.

Tiltakshaver

Partstype	Navn	Adresse	Telefon
privatperson	Kristoffer Valle Mellingen	Hopsdalsvegen 31A, 5915 HJELMÅS	90174385

e-postadresse
anders.valle@online.no

Ansvarlig søker

Navn	Organisasjonsnummer	Adresse	Kontaktperson	Telefon
VALLE BYGG	984193513	Hopsdalsvegen 31A, 5915 HJELMÅS	Anders Valle	90673375

Mobiltelefon	e-postadresse
90673375	anders.valle@online.no

Det er desse opplysningane kommunen må leggja til grunn når vedtaket skal meddelast til partane.

Det er riktig slik klagar skriv at vedtaket vart sendt ut i ferietida. Kommunen må leggje til grunn at både privatpersonar og ikkje minst at føretak også les post/e-post i denne tida.

Lindås kommune ser at tidspunktet for utsending kunne vore grunnlag for å gje utsett klagefrist, dersom tiltakshavar/søkjar hadde retta førespurnad om dette innanfor utløpet av klagefristen. Det er ikkje gjort.

Klagen er motteken hjå Lindås kommune ein måned etter at klagefristen er gått ut.

Lindås kommune si vurdering er at partane kan lastast for å ikkje ha klaga innan fristen. Lindås kommune kan heller ikkje sjå at det er forhold i saka som tilseier at det er særlege grunnar til at klagen vert prøvd.

På bakgrunn av dette vert det ikkje gjeve oppreising for oversitta klagefrist etter fvl § 31.

Etter dette kan ikkje Lindås kommune sjå at vilkåra for å ta klagen til handsaming er stetta, jf. fvl § 31.

VEDTAK

Med heimel i fvl § 33 vert klage motteke 27.08.2014 avvist, då klagen er sett fram etter at klagefristen i fvl § 29 er gått ut og det ikkje er grunnlag for å gje oppreising for oversitta klagefrist etter fvl § 31.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Forhold til gebyr

I klagen er det vist til at ein ikkje forstår kva punkt i regulativet rekninga viser til. Klagar meiner han burde fått gebyr for avvist sak.

Gebyret for vedtaket er heimla i Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2013. Det følgjer av gebyrregulativet punkt A.2 at *«gebyr skal reknast ut etter det regulativet som er/var gjeldande den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som er føresett for at kommunen skal kunne slutthandsama saka.»*

Søknaden var motteke 16.10.2013, og det er såleis gebyrregulativet for 2013 som skal leggjast til grunn ved handsaminga av søknaden.

Det er ikkje riktig slik du skriv i klagen at byggesaka er avvist. Det er gjeve avslag på søknaden. Det følgjer av gebyrregulativet 2013 punkt A.1 at *«saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden skulle bli avslegen»*.

Gebyret på kr. 29.700,- er i samsvar med satsane som går fram i gebyrregulativet for 2013.

Dersom du opprettheldt din klage på gebyr, så ber Lindås kommune om skriftleg tilbakemelding på det.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Valle Bygg

Hopsdalsvegen
31A

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Kristoffer Valle Mellingen

Hopsdalsvegen
31A

5915

HJELMÅS